



Sjekkliste for egenrevisjon

110 JULETRE

© Stiftelsen Norsk Mat
Versjon 2024.3

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



110.1 SKJØTSELSTILTAK

110.1.1

Registerer du skjøtselstiltak og haustingar for kvart enkelt plantefelt?

For å kunna dokumentera kvalitet og for å vidareutvikla eigen praksis er det vesentleg å ha oversikt over dei viktigaste *arbeidsoprasjonene som er gjennomførte.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

110.2 NYE JULETREFELT



110.2.1

Er det søkt omdisponering til produksjon av juletre på dyrka mark eller tidlegare dyrka mark?

§ Krav

Lov om jord	Lovkrav
-------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

110.2.2

Blir utanlandske treslag nytta i produksjonen (edelgran og utanlandske granartar som eks. serbargran)?

§ Krav

Forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål	Lovkrav
---	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

110.2.3

Viss verksemda importerer plantar sjølv: Er verksemda registrert som planteimportør hos mattilsynet?

Når plantar blir importerte som verksemd skal ein vera registrert som godkjend planteimportør hos mattilsynet. Med det følgjer ei rekkje krav til IKS i samband med å unngå import av karanteneskadegjerare.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

110.2.4

Importerer verksemda plantar sjølv? Viss ja: Er plantepartiet registrert og godkjent brukt *iht forskrift om skogfrø og skogplantar?

Import av frø og plantar til skogbruksformål skal vera godkjend av Kontrollutvalget for frøforsyninga til skogbruket - er dette på plass? Godkjenning/bruksløyve av frø og plantar til skogbruket (Kontrollutvalet for frøforsyninga til skogbruket)

§ Krav

NIBIO	Informasjon
Forskrift om skogfrø og skogplanter	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

110.3 PLANTEVERN



110.3.1

Kan du dokumentera at plantevernmiddel brukt i juletreproduksjonen berre er brukt av personar med autorisasjonsbevis?

Plantevernmiddel kan berre brukast av personar som har autorisasjon. Å bruka plantevernmiddel omfattar i denne samanhengen både å blanda slike midlar og å spreia eller påføra dei.

Autorisasjonen er gyldig i ti år frå ein tek prøve. Dersom det er andre enn du sjølv som har utført sprøytinga, skal du føra namnet på personen inn i plantevernjournalen, saman med ein kopi av hans eller hennar autorisasjonsbevis.

Autorisasjonskravet gjeld ikkje for preparat som er godkjende for bruk i hobbyhagar og på stoveplantar.

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
-------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

110.3.2

Er plantevernmidla brukte i samsvar med godkjend etikett?

Følg bruksretteiinga

Bruk alltid plantevernmiddel i samsvar med bruksretteiinga som står på merkelappen, og sjekk at merkelappen er ein godkjend etikett. Det er forbode å bruka plantevernmiddel utanfor det godkjende bruksområdet eller å overskrida tillaten dosering/konsentrasjon.

Når eit plantevernmiddel ikkje lenger er godkjent

Viss eit plantevernmiddel mistar godkjenninga si, kan du bruka og oppbevare det i inntil 18 månader, med mindre Mattilsynet har vedteke noko anna.

Følg avviklingsreglane for bruk av preparat som ikkje lenger er godkjende, og avviklingsreglane for preparat med gamle etikettar. Sjå Mattilsynets oversikt over godkjende produkt.

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
-------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

110.3.3

Oppfyller du krava til integrert plantevern, vern av vassmiljø og journalføring ved å følgja dei åtte prinsippa for integrert plantevern, gjera tiltak for å redusera risikoen for forureining av vatn og føra plantevernsjournal (journal for integrert plantevern, journal for vassvern og sprøytejournal)?

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Når du bruker plantevernmidler på garden, skal du føra plantevernsjournal. Den består av tre delar:

Del 1 – journal for integrert *plantevern

Her beskriv du kva prinsipp du har følgt. Viss du har brukt kjemikalier, skal du også angi kva alternativ du vurderte først. I tillegg skal du oppgi ei grunngeving for vala du har gjort.

Del 2 – journal for *vannbeskyttelse

Her beskriv du tiltak du har treft for å redusera risikoen for vassforureining ved sprøyting i nærleiken av vassførekomstar. Døme på tiltak kan vera å oppretta buffersoner til overflatevatn og drikkevasskjelder, dyseval og vaskeplassar som reduserer faren for forureining.

Del 3 – *sprøytejournal

Her fører du opplysningar om: kva skifte og kulturar som er sprøyta, kva *skadegjørere det dreier seg om, kva preparat som er brukte, og i kva dosar, kven som har utført sprøytinga, dato når sprøytinga er *utført

Oppbevar sprøytejournalen i minst 3 år.

Når det andre som står for *sprøytinga Som gardeigar er du også ansvarleg for at det blir ført plantevernsjournal dersom det er andre som sprøyta. Det skal stå i plantevernsjournalen kva område plantevernmiddelet er brukt på.

Kravet om å føra plantevernsjournal gjeld også for bruk av beisemidler til setjepotet og ved bruk av nytte dyr og mikroorganismar. Det skal også førast journal for planteekstraktar og plantevernmidler (inkl. godkjende basisstoff) som blir brukte i økologisk landbruk.

Informasjon om godkjende basisstoff finn du på mattilsynet.no.

Kulturspesifikke veiledningar

Norsk Landbruksrådgiving (NLR) har i samarbeid med NIBIO utarbeidd rettleiarar som viser korleis du kan bruka dei åtte prinsippa for integrert plantevern i utvalde kulturar. Rettleiarane gir deg oversikt over tiltak som har noko å seia for plantevern, og har også med ei kort grunngeving og lenkjar til meir informasjon. Ikkje alle foreslåtte tiltak vil passa for alle eller overalt, og rettleiarane er derfor ikkje meinte som ei liste med krav, men som ei hjelp og inspirasjon til å følgja forskrift om plantevernmidler.

Mal for plantevernsjournal og kulturspesifikke rettleiarar finn du ved å klikka på knappen "Krav".

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
-------------------------------	---------

110.3.4

Oppbevarer du plantevernmidla avlåst og merka slik forskrifta krev, og i samsvar med eventuelle tilleggskrav som står på etiketten?

Slik oppbevarer du plantevernmiddel rett:

- Oppbevar midlane slik det står på etiketten (t.d. «lagers frostfritt»).
- Ha dei i eit tett og avlåst skap eller rom som er tydeleg merka med giftmerket og ordet «GIFT».
- Hald skapet eller rommet reint, og sørg for kontinuerleg og effektiv ventilasjon dersom preparata krev det.
- Ikkje oppbevar anna enn plantevernmiddel og eventuelt andre kjemikalier, inkludert flytande gjødselblandingar, i skapet eller rommet.
- Oppbevar opne pakningar i ein lukka og tett behaldar.

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
-------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

110.3.5

Merke du areal som er behandla med plantevernmiddel, og som er opne for allmenn ferdsel, med plakatar i samsvar med Mattilsynets mal?

Viss du bruker plantevernmiddel på areal som er opne for allmenn ferdsel, har du plikt til å informera offentlegheita om dette. Areal omdisponert til skog er som regel opne for allmenn ferdsel!

Set opp plakater

Merk areala med plakatar i samsvar med Mattilsynets mal. Du skal også merka vegar eller stiar som fører inn i arealet. Plakatane skal stå i minimum sju dagar, og blir seinast fjerna tre veker etter at du er ferdig med sprøytinga, med mindre det står ein annan frist på produktemballasjen.

Informert aktørar med spesielle interesser

De som har spesielle interesser i eller inntil sprøytefeltet, slik som birøktarar, reineigarar eller beiterettmessige, skal ha beskjed i god tid før du skal utføra sprøytinga.

Mal for plakatar finn du på Mattilsynets nettsider

§ Krav

Forskrift om plantevernmidler	Lovkrav
-------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

110.4 GJØDSLING



110.4.1

Har du søkt og fått godkjenning om bruk av husdyrgjødsel i juletefeltet?

For å nytta husdyrgjødsel på areal som ikkje er dyrka marker krevst godkjenning frå kommunen.

§ Krav

Forskrift om husdyrgjødsel	Lovkrav
----------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

110.4.2

Har du ein gjødslingsplan og skiftekart for juletrefeltet / felta?

Skogbruk er ikkje omfatta av gjødselvereforskrifta på dette området, men det er uansett ein stor fordel å ha plan for gjennomføring av gjødsling. Gjødselplan kan vera pålagt gjennomført for dei som har søkt og fått løyve til å spreia husdyrgjødsel i juletrefelta.

§ Krav

Forskrift om gjødselplanlegging	Lovkrav
---------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

110.5 HOGST AV JULETREFELT

110.5.1

Rapporterer verksemda sal av juletre i virkesdatabasen j.f. forskrift om skogfond o.a.?

Det er krav om at alt omsett virke, under dette også juletre og pyntegrønt, blir rapportert inn i virkesdatabasen. Det er frivillig om ein ønskjer å trekkja skogfond av salet.

§ Krav

Forskrift om skogfond o.a	Lovkrav
---------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt